

# VEDTEKTER FOR SOLSIKKA BARNEHAGE



«GOD BARNDOM I GENERASJONAR»



*Sist revidert og godkjent i styret; mars 2024*

---

**Adresse**  
Nedre grøthaugen 7  
6143 Fiskå

**Telefon**  
70 02 01 70

**Bankgiro**  
3910.38.25117

**E-post**  
[marta@solsikka.no](mailto:marta@solsikka.no)

**Org.nr.**  
998 858 356



### 1. EIGARHØVE

Solsikka barnehage er eigd av Solsikka AS. Org. Nr 998 858 356  
Eigd og drive av Anne Marie Moen og Anja Synnøve Stokseth  
Aksjeselskapets formål er å eige og drive privat barnehage. Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter for barnehageverksemd.  
Solsikka AS har ansvar for gjeld. Aksjeselskapet er et eige rettssubjekt med avgrensa ansvar for gjeld. Dei enkelte foreldre har ikkje ansvar for aksjeselskapets økonomiske forpliktingar.

### 2. FORMÅL

Barnehagen skal sikre barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim. (jf. Lov om barnehagar §1)  
Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen si pedagogiske verksemd.  
Barnehagen skal foreta internkontroll etter gjeldande reglar og forskrifter.

### 3. FORELDRERÅD

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd. Foreldrerådet består av foreldra/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til godt samarbeid mellom barnehagen og foreldregruppa skape eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal velje 2 foreldrerepresentantar til Samarbeidsutvalet. (ein mann og ei dame, samt 2 vara).

Foreldrerådet skal bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige i forhold til barnehagen.

Barnehagen sin styrar har ansvaret for å kalle inn til det første foreldrerådet i barnehageåret. Foreldreråd skal holdast minst ein gong i året – gjerne i høve med foreldremøte. Ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt ei stemme for kvart barn, og alminnelig fleirtalsvedtak gjeld.

Det skal førast referat frå foreldrerådet, som skal innehalde dei uttale/vedtak som foreldrerådet har fatta. Tid og stad for møta skal gå fram av referatet, liksom stemmefordeling og usemje som krevjast protokollført. Barnehageeigar bør få utskrift av referat til orientering.

### 4. SAMARBEIDSUTVAL

Alle barnehagar skal ha eit Samarbeidsutval (jf. §4 bhg.love) Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særlig vere med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet skal føreleggjast saker og har rett til å uttale seg i saker som er av viktige for barnehagens innhald, verksemd og forholdet til foreldra. Saker som gjelder tilsetjing, opptak av barn og liknande **skal ikkje** handsamast av samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet skal ha 6 medlemmer, med 2 representantar frå foreldra og 2 frå dei tilsette. Foreldra og dei tilsette skal delta med like mange representantar-1 frå eigar og barnehagens styrar. Styrar er sekretær for utvalet og har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv, og veljer sjølv sin leiar. Som samarbeidsutvalets vedtak gjeld det som fleirtal av dei møtande har stemt for. Ved stemmelikskap gjeld det som leiaren har stemt for.

Møter i samarbeidsutvalet vert holdt etter ein plan fastsett av samarbeidsutvalet, og når samarbeidsutvalets leiar finn det naudsynt.

Det vert ført eigen protokoll for samarbeidsutvalet, som skal innehalde dei vedtak som samarbeidsutvalet har fatta. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, liksom stemmefordeling og usemje som krevjast protokollført. To av medlemmane signerer protokollen.

---

**Adresse**

Nedre grøthaugen 7  
6143 Fiskå

**Telefon**

70 02 01 70

**Bankgiro**

3910.38.25117

**E-post**

[marta@solsikka.no](mailto:marta@solsikka.no)

**Org.nr.**

998 858 356

Protokollen er tilgjengelig kun for samarbeidsutvalets medlemmar, styret, daglig leiar, og dei personar samarbeidsutvalet gjev tilgang.

## 5. OPPTAK

Barnehagen har samordna opptak med kommunen etter søknadsfristen 1.mars kvart år. Det er styrar som gjer innstilling til opptak og som føretek opptak av barn i barnehagen.

## 6. OPPTAKSKRITERIER

Opptaksområde i prioritert rekkefølge:

Barnehagen er open for barn i alderen 0 år og fram til skulestart.

Søklarar til Solsikka Barnehage er barnehagen sin opptakskrins. Ved opptak av barn vert det lagt vekt på følgjande kriterium som gjeld for Vanylven kommune:

- A) Prioritet etter §13 barnehageloven ( barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester) (krev dokumentasjon)
- B) Studerande / Yrkesaktive foreldre/foresette
- C) Barn som har plass frå før
- D) Syskjen av barn som har plass komande bhg.år
- E) Barn som nyleg er flytta til kommunen
- F) Barn av nøkkelpersonar (for Solsikka barnehage)
- G) Barn busett i andre kommunar



Eigar kan endre denne bestemminga.

Opptak av barn skjer hovudsakleg ved samordna opptak ein gong i året. Dagleg leiar kan tilby barnehageplass etter kapasitet utanom samordna opptak. Avgjerla om opptak av barn i barnehagen og tildeling av ledige plassar, vert føreteke av barnehagen etter skriftleg søknad iht. Barnehagelova sitt vedtak om samordna opptak. Alle som fyller eitt år innan 01.11 inneverande år, har rett på barnehageplass dersom dei søker innan fristen til hovudopptaket 1.mars og er busett i kommuna innan 1.august.

Alle som tek i mot plass har rett til å behalde plassen fram til skulestart.

Oppseiingstid på barnehageplassen er **2 månader** pr. oppseiingsdato og skal leverast skrifteg til barnheagen. Oppseiinga frå barnehagens side krevjar sakleg grunn og skal skje skriftlig.

Oppseiing frå føresettes side mottatt av barnehagen etter 1. april medfører ei plikt til å betale foreldrebetaling ut juni måned. Dersom barnehagen får inn nytt barn i oppseiingsperioden skal foreldrebetalingssplikta i oppseiingstida reduserast tilsvarande.

## 7. KLAGE ved avslag på søknad om barnehageplass ved hovudopptak

Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt første eller andre ynskje oppfylt.

Utanom hovudopptak kan berre søklarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehageloven § 13 klage dersom dei ikkje vert tilbode plass. Dette gjeld barn med nedsett funksjonsevne, og barn som det er fatta vedtak om etter nærare bestemmingar i lov om barnevernstenester.

Klagen må framsettast skriftleg for kommunen og må nemne kva avgjerle det klagast over og dei grunner klagen støtter seg til. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt avgjerla som det skal klagast over er kome fram til søkjaren. For den som ikkje har mottatt underretning, er fristen frå det tidspunktet vedkommande har fått eller burde ha skaffa seg kunnskap om avgjerla. *Reglene for klagetilgang fins i Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage, (forskrift 2005-12-16 nr. 1477)*

## 8. FORELDREBETALING

Maksprisen for opphald i barnehagen fastsettast av Stortinget kvart år. Ein betalar for 11.mnd (juli er betalingsfri). Solsikka bhg har makspris. Kostpengar kjem i tillegg og ein har også høve til å kjøpe tilleggstenester; bleieavtale og vask av ytterkle. Desse satsane vert fastsett av styret.

- Syskjenmoderasjon etter kommuna sine satsar
- Moderasjonsordningar; ein har høve til å søkje fritak for foreldrebetaling etter departementet sine føringar og det er kommuna som skal tek i mot og fattar vedtak i slike høver og må søkjast etter deira fristar, sjå [www.vanylven.kommune.no](http://www.vanylven.kommune.no) for meir informasjon.
- Dersom ein står i rest med 3 mnd betaling, kan styrar fatte vedtak om mislighold av plassen og i ytterste konsekvens misse barnheageplassen. Ein føreset at andre utveggar er prøvde før ein fattar slikt vedtak. (Dersom ein har mist den ordinære plassen slik; vil ein kunne få ny

Adresse

Nedre grøthaugen 7  
6143 Fiskå

Telefon

70 02 01 70

Bankgiro

3910.38.25117

E-post

[marta@solsikka.no](mailto:marta@solsikka.no)

Org.nr.

998 858 356

plass etter at all skuld er betalt og ny og strengare betalingsavtale er inngått. Bryt foreldre også denne avtale, er det automatikk i at ein misser plassen for resten av barnehageåret.

- Dersom born blir henta etter fastsett opningstid, skal foreldra betale eit gebyr pr. gong, då dette medfører overtid på tilsette.

### 9. OPNINGSTID OG FERIE

Barnehagen er open frå kl. 07.30 til kl. 16.30 måndag til fredag. (Eller 07.15-16.15)

Solsikka er ein heilårsopen barnehage. Barnehagen stenger julaftan (24. desember) og nyttårsaftan (31. desember) dersom disse fell på ein kvardag, samt på onsdag før skjærtorsdag.

I løpet av året er barnehagen i tillegg stengt 5 kurs- og planleggings dagar. Barnehagen er stengt på helgedagar. Barnehageåret startar 1. august. Alle barn i barnehagen skal ha 4 veke ferie i løpet av barnehageåret. Minst 3 veker skal vere samanhengande og innanfor hovudferien (mai-aug) Barnehagen held ope i romjula og påska dersom det er minst 6 barn som treng plass desse dagane. Dette gjeld også for vekene om sommaren. Romjula saman med påskeveke vert rekna som ei heil ferieveke. (begge må ta ferie både jul og påske for at det skal reknast som ei veke)

Opningstida er 9 timar pr dag. Ein oppmodar til at barna ikkje er i barnehagen meir enn 8-9 timar pr dag, då dette er lang nok «arbeidsdag» for borna. Vi prøvar å tilpasse tida best mogleg slik at vi kan ha tettast bemanning når barna er flest, difor er det fint om heimen avtalar ca tidspunkt ein kjem til å nytte plassen. Eigar kan endre denne bestemminga.

### 10. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Barnehagen har eit totalt leike- og opphaldsareal på 265 m<sup>2</sup>.

Barnehagens norm for arealutnytting er 4 m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år, og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

Uteområdet er på 4515 m<sup>2</sup>. Bhg har også gapahuk i skogen, lavvo og tilgong til naust i fjøra.

### 11. ANDRE OPPLYSNINGAR

Iht. barnehageloven § 7 skal barnehagevedtektene gi opplysningar som er viktige for foreldra/dei føresette sitt forhold til barnehagen. Det visast i dei høve til avtale om disponering av barnehageplass som signerast som aksept av tilbod om barnehageplass. I avtalen er rettar og plikter i avtaleforholdet regulert.

Nokre vilkår frå nemnde avtale siterast i tillegg her:

- Styret i barnehagen forbehold seg retten til å kunne endre vilkåra i denne avtale. Slik endring skal varslast skriftlig med minst 2 månaders frist før iverksetting. Vilkårsending gjev føresette rett til å seie opp plassen med 1 månads oppseiingstid frå varselet er mottatt.
- Tilbodet om barnehageplass gjeld frå oppstart og fram til skulepliktig alder.
- Ved manglande betaling kan barnehagen krevje forsinkingsrente iht. lov om forsinkingsrente.
- For seint henta barn- etter stengetid, medfører gebyr.
- Barnehagen har også andre reglar og rutinar og desse skal delast ut når barnet startar i barnehagen. Foreldre og føresette har eit sjølvstendig ansvar for å informere barnehagen om ting dei meina ein bør kjenne til for å sikre eit best mogleg tilbod til barnet. Alle barn må levere helsekontrollskjema og løyveskjema for kvart barnehageår.
- Barnehagen nyttar ulike observasjonsskjema som verktøy i kvardagen, utan særskilt løyve frå føresette. Dette for å sikre eit godt tilbod og oppfølging av barna i høve deira utvikling t.d. «Alle med, TRAS, MIO... osv. Desse vert også nytta som utgangspunkt for foreldresamtaler/samarbeid med heimen.



**Adresse**

Nedre grøthaugen 7  
6143 Fiskå

**Telefon**

70 02 01 70

**Bankgiro**

3910.38.25117

**E-post**

[marta@solsikka.no](mailto:marta@solsikka.no)

**Org.nr.**

998 858 356